

**Oppgave**

# LAG EIT KUNSTVERK AV JEKKANE

 **5. – 7. trinn**

 **225 min.**

4-5 undervisningsøkter av  
45 minutt

**SENTRALE OMGREP:**

Materiale, mjukt, hardt, metall, formbar, form

**ANBEFALT FORKUNNSKAP:**

Elevane burde vere kjend med bruk av avbitartang og bøyetang.

**AKSJON ALUMINIUM:**

Her viser vi korleis ein kan bruke materiale om att for å lage bruks- og kunstgjenstandar

**UTSTYR TIL CA. 30 ELEVAR:**

- Mange dratappar
- Avbitartenger
- Ev. bøyetenger eller andre små tenger
- Tynn ståltråd i ulike fargar og med ulik tjukkelse
- Ark
- Skrivesaker
- Bilde av insekt
- Nettbrett/PC

## KOMPETANSEMÅL

### KUNST OG HÅNDVERK

**Design:**

- Lage enkle bruksformer i ulike materialer og kunne gjøre rede for sammenheng mellom idé, valg av materialer, håndverksteknikker, form, farge og funksjon
- Bruke ulike sammenføringsteknikker i harde og myke materialer

**Arkitektur:**

- Montere utstillinger og andre presentasjoner i ulike typer rom

**45 min****KVA:**

Finn eit insekt eller ein blom og lage ei skisse.

**KORLEIS:**

Start med å sjå på insekt og snakk om korleis ein blom er oppbygd. Dei har kanskje aldri tenkt på at blomar kan vere veldig ulike eller kva som kjenneteiknar insekt? Kor mange bein har dei? Sjå så på bilete på internett. Snakk om blomen sine ulike delar og deira eigenskapar: begerblad, kronblad og pollenbærar/fruktemne. Kva for eigenskapar ved insekta? Be elevane velje insektet eller blomen dei likar best. Bruk gjerne lpad/PC for å finne bilete. Lag idéskisser. Kva for kjenneteikn ved insektet eller blomen deira er viktigast å få med?

**KVIFOR:**

Ved å aktivere elevane sin forkunnskap kan den nye kunnskapen enklare knytast til tidlegare erfaringar og ting dei kan frå før.

**UTSTYR:**

- Nettbrett/PC

**45 min****KVA:**

Teikne insektet eller blom

**KORLEIS:**

Teikn insektet eller blomen frå ulike vinklar. Teikn fleire variantar. Dette er arbeidsteikningane dei skal bruke seinare.

**UTSTYR:**

- Ark
- Teiknesaker

**45 min****KVA:**

Lage skildring

**KORLEIS:**

Be elevane skildre og forklare korleis dei tenkjer at dei skal lage insektet eller blomen. Korleis kan dei feste? Kan tappane klemmast og delast? Korleis få til det tredimensjonale? Korleis lage gjennomsiktige vengar? Kan dei lage symmetri og mønster?

**UTSTYR:**

- Skrivesaker
- Nettbrett/PC

---

 **90 min****KVA:**

Lage insekt eller blom

**KORLEIS:**

Med utgangspunkt i skisser, arbeidsteikningar og skildring skal elevane lage insektet eller blomen.

**UTSTYR:**

- Dratappar
- Avbitartenger
- Ståltråd
- Arbeidsteikningar
- Eiga skildring

---

 **Etter behov****KVA:**

Lage utstilling

**KORLEIS:**

Lag ei utstilling av insekta og blomane. Kan de sortere dei etter artar og levestad? Eller er det andre kriterium å arrangere dei etter?

**KVIFOR:**

Å vise fram ferdig produkt er sentralt i eit skapande arbeid, samtidig som det er motiverande for elevane.

**UTSTYR:**

- Insekt

---

 **Etter behov****KVA:**

Avslutning

**KORLEIS:**

Summer opp opplegget. Kva har de gjort? Kva var nytt? Kva kunne dei frå før? Brukte dei noko av det dei kunne frå før for å lære noko nytt? Kan dei bruke det dei har lært denne timen heime?

**KVIFOR:**

Å summere opp undervisning er ein god metode som styrkar læring.

**UTDJUPANDE INFORMASJON:**

Insekta er ein av dei største suksessane i dyreriket. Meir enn 80% av alle kjende dyreartar er insekt. Dei lev stort sett over heile planeten, med unntak av i havet. Insekt er heilt avgjerande i mange næringskjeder, både som predatorar (rovdyr) og som føde for andre dyr. Det er mange grunnar til at insekta er ei stor gruppe:

- Insekta si evne til å fly gjer at dei lett kan finne nye stadar å leve
- Det harde ytterskjelettet gir god dekning
- Dei har korte livssyklusar og kan formeire seg i enorme mengder
- Dei fleste insekt er små og kan difor lett spesialisera seg på leveområdet sitt

Alle insekt har 6 bein.



**UTDJUPANDE INFORMASJON:**

Ein blom er ein del av ein plante og inneheld planten sine forplantningsorgan. Blomar er eigentleg omdanna blad som sit i enden av eit skot og har avgrensa levetid. Det finst enorme variasjonar i korleis blomar ser ut, frå små markblomar til enorme blomar på over ein meter i diameter, og vekt på over 10 kilo!

Felles for alle blomane er at vi skil mellom frikrona blomar, kor kronblada er frie frå kvarandre, og samkrona blomar, kor kronblada har vakse saman til eit røyr eller ei klokke. Dei fleste blomar har fire kretsar, frå utsida mot sentrum:

- Begerblad: Grøne blad som beskyttar blomen sine indre delar.
- Kronblad: Omdanna blad som ofte har sterke farger.
- Pollenbærar: Dei mannlege delane av blomen som inneheld pollen.
- Fruktemne: Dei kvinnelege delane av blomen som inneheld kimar til frøemne